



Boligbygg Vest AS
Fagerdalen 4
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1821 - 18/15245

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
06.07.2018

Forhåndsvarsel - Pålegg om sikring av leikeplass - gbnr 23/567 - Elvaåsen

Saka gjeld:

På bakgrunn av fleire synfaringar på gbnr. 23/567, ser Meland kommune at terrenget rundt leikeplassen LEK02 er så bratt at den må sikrast med gjerde.

Grunngjeving for forhåndsvarsel om pålegg om sikring og ilegging av tvangsmulkt:

Grunnboka viser at Boligbygg Vest AS er heimelshavar til eigedomen. De er difor ansvarleg for sikre eigedomen i samsvar med plan- og bygningslova (pbl).

Det følgjer av pbl § 28-5 tredje setning at «[d]er (...) terrenget i nærheten av byggverk kan gjøre opphold og ferdseil farlig, kan kommunen pålegge eier å gjennomføre sikringstiltak.»

Forarbeida legg til grunn at pålegg om sikringstiltak særleg kan vere aktuelt med tanke på barns tryggleik.¹ Det er i teorien lagt til grunn at «[f]aren kan bestå i at gjenstander som lagres kan velte, at forholdene innbyr til klatring eller annen lek som kan bli farlig, særleg for barn i slike omgivelser, eller har en form eller innhald som kan føre til skader mv. Terrengholdene kan også gjøre arealet farlig. Det kan for eksempel bære bratte skrenter eller veiskjæringer hvor personer kan falle utfor. I så fall kan kommunen typisk pålegge oppsetting av gjerde.»²

Meland kommune si vurdering er at terrenget rundt leikeplassen LEK02 er så bratt at det må sikrast med eit permanent gjerde. Vi viser til at gjerde rundt leikeplassane også er eit krav etter reguleringsplanen. Følgjande står i § 3.1 nr. 3 til Reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003:

Leikeareal

¹ Ot.prp. nr. 45 (2007-08) s. 210.

² Frode A. Inngjord, *Plan- og bygningslova med kommentarer*, s. 787

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Uteoppfallsareal skal ha følgjande krav til utforming
- Støynivå må ikkje overstige 55 dBA
- Areal skal vere skjerma mot forureining og strålefare
- Areal skal vere hensiktsmessig utforma for trygg ferdsel, leik og anna aktivitet
- Areal skal ha gode soltilhøve
- Leikeareal skal utformast med universell utforming
- Leikeareal skal sikrast med gjerde
- Leikeareal skal opparbeidast med leikeapparat og benkar
- Det er ikkje tillete å etablere tiltak innanfor uteoppfallsareal som ikkje er knytt til den generelle bruken av området.

Det gis ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på forhåndsvarselet.

Varsel om pålegg om sikring:

Med heimel i pbl § 28-5 tredje setning, blir det no varsla at det må setjast opp eit permanent gjerde mellom leikeklassen LEK02 og UAO1/BK09, snarast og seinast innan **10.08.2018**. Det må sendast inn skriftleg dokumentasjon innan same dag på at området er inngjerda.

Varsel om tvangsmulkt:

Med heimel i pbl § 32-2, gjer Meland kommune med dette varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av eingongsmulkt og/eller dagmulkt, dersom området ikkje er sikra med permanent gjerde, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, innan **10.08.2018**.

Andre opplysningar:

Vi gjer merksam på at det er eigar sitt ansvar å sørge for at reglane i plan- og bygningslova blir overhalde.

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert fylgt, kan kommunen utferde forelegg etter pbl § 32-6. Eit forelegg vil få same verknad som rettskraftig dom, jf. pbl § 32-7.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tysseland Arkitektur AS	Strandgaten 19	5013	BERGEN
-------------------------	----------------	------	--------

Mottakarar:

Boligbygg Vest AS	Fagerdalen 4	5039	BERGEN
-------------------	--------------	------	--------